

Øystre Slidre kommune



1.tertial rapport 2024

https://pub.framsikt.net/2024/oystre-slidre/mr-202404-1_tertial_2024_øsk/

Framlagt av kommunedirektøren 16. mai 2024

10 på topp

Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. I arbeidet med å nå visjonen om at fleire skal få oppleve rein naturglede vil kommunestyret leggje følgjande konkrete mål til grunn, jf. samfunnsdelen av kommuneplanen:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

Nedanfor fylgjer dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden. Utviklingsområda er ei oppfølging av samfunnsdelen av kommuneplanen, og vil verte prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmidlar i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane. Nedanfor fylgjer kommentar om status per 1. tertial 2024.

- **Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, og skal som eit første steg i løpet av 2024 redusere sjukefråværet med minst 2 % i høve nivået i 2023.**

Det samla sjukefråværet 1. tertial 2024 viser ein liten oppgang i fråværet frå 1. tertial 2023 (opp frå 11,7 % til 11,9 %). Dette er nærare omtalt i eit eget kapittel om sjukefråvær.

Auken kan i hovudsak skuldast ein auke i området for opplæring og kultur, der særleg Lidar skule og Beito barnehage har hatt ein auke i sjukefråværet.

Så langt i 2024 har kommunen hatt eit særleg fokus på to tenesteområde: Førebygging og meistring og Rogne barnehage.

- Rogne barnehage har redusert fråværet frå 19,0 % (1. tertial -23) til 12,3 % (1. tertial -24)
- Førebygging og meistring har hatt eit stabilt sjukefråvær 17,9 % (1. tertial -23 og 1. tertial -24)

Når det gjeld Førebygging og meistring, er det sett i gang eit større, langvarig prosjekt (blir omtala lenger ned i teksten), der det ikkje har vore forventa umiddelbar effekt, men der ein har eit klart mål om at fråværet på sikt vil bli betydeleg redusert. Dette prosjektet blir nærare omtala lenger ned.

Kommunen utarbeidde i 2023 ein plan for redusert sjukefråvær.

Følgjande tiltak var prioriterte i planen:

- Leiarutvikling. *STATUS: Det er gjennomført fleire leiarsamlingar med sjukefråvær som tema, m.a. det utvida leiarmøtet i januar, ny samling er planlagt i juni.*
- Opplæring av både leiarar, tillitsvalde og tilsette i gjeldande rutiner. *STATUS: Dette er gjennomgåande tema på leiarsamlingar.*
- Kartlegging av årsaken til sjukefråværet, særleg på einingar med høgt fråvær. *STATUS: Dette har vore gjennomført på enkelte avdelingar med høgt fråvær, m.a. Rogne barnehage, Førebygging og meistring og teknisk drift/reinhald.*

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune


- Oppfølging av arbeidstakarar med særleg høgt fråvær. *STATUS: Her er vi ikkje fullt i gang med systematisk arbeid i påvente av auka ressursar (ny stilling, sjå kulepunkt under), men langtidssjukmeldte blir fylgd opp i samsvar med gjeldande rutinar.*
- Lette tilgangen til, og informere tilsette om moglegheita for, å trene i kommunale anlegg i fritida. *STATUS: Det vart lagt ut informasjon om dette på kommunen intranettsider.*
- Haldningsskapande arbeid. *STATUS: Dette er ein kontinuerleg prosess, der særleg TØRN-prosjektet i helse og omsorg har dette som viktig element.*

Følgjande tiltak bør vurderast i samband med økonomiplanprosessen for 2024-27:

- Gjennomgang av leiarstruktur/leiarressursar. *STATUS: Dette arbeidet er i startfasen.*
- Arbeidet med vikarinneleige. *STATUS: Det er ikkje sett av særskilte midlar til dette i gjeldande økonomiplan, men dette vil vere ein del av TØRN-prosjektet.*
- Vurdering av grunnbemanning/«faste vikarordningar». *STATUS: Det er ikkje sett av særskilte midlar til dette i gjeldande økonomiplan, men dette vil vere ein del av TØRN-prosjektet.*
- Styrking av stab/støttefunksjonar. *STATUS: Det er tilsett ny medarbeidar i stab med oppstart i juni.*

Oppstart satsing innanfor turnusområda i kommunen: TØRN.

Vi har i 1. tertial kome i gang med læringsnettverket TØRN i regi av KS. Arbeidet så langt har vore å få på plass ein struktur som vi vil ha som eit stillas i arbeidet:



1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Avdelingsleiarar, tenesteleiarar, personell som arbeider med turnus, hovudverneombud, hovudtillitsvalgde og kommunalsjef har vore på fyrste samling. Her var det mellom anna fokus på kva faktorar som er viktige for at vi skal lykkast i arbeidet med TØRN. Kommunane presenterte seg med eit visittkort, og vi kunne starte å bli kjend i nettverket.

Forankring er ein av faktorane som er viktig for å lykkast i TØRN. Det er orientert kort i kommunestyret om TØRN, og vi vil halde fram med å halde kommunestyret løpande orientert. Kommunedirektørgruppa har vore med frå start og har delteke i arbeidet med å lage organisasjonen for satsinga. Dei tre råda i kommunen har hatt eit fellesmøte der vi presenterte TØRN og kva vi har som mål med arbeidet. Det er gjennomført personalmøte for tilsette innanfor turnusområda der koordinator, tenesteleiarane, og kommunalsjef presenterte TØRN som læringsnettverk, TØRN i Øystre Slidre, litt om organisering og om det særskilte rolla medarbeiderane har i dette arbeidet. Medarbeiderinvolvering er ein anna faktor for å lykkast, og skape engasjement hjå dei tilsette, dei som kjenner kvar skoen trykker, er viktig frå start. Medarbeidarane og avdelingsleiarane vil drive fram behovskartlegginga og tiltak ut i frå deira kvardag. Det vil seie at vi ikkje har løysinga på kva som verkar for Øystre Slidre kommune sine innbyggjarar, sine tilsette og som tenesteytar enda. Det betyr også av dei ulike avdelingane vil kunne ha ulike behov, og da ulike tiltak.

Tid og ressursar er også to faktorar for å lykkast. Koordinator for satsinga er Rannveig Hovi, og ho vil få avsett tid som er skjerma til arbeidet med TØRN. Kommunen har søkt om ekstern støtte for å kunne frigjere meir tid for fleire i dette arbeidet. Vi har ikkje fått svar på søknaden enda. KS anbefalar oss å tenkje langsiktig, og ikkje sette for korte tidsfristar. Erfaring har vist seg at med for korte tidsfristar i arbeidet, klarer ein ikkje å gjennomføre oppgåvene. Dagleg drift skal gå med sine raske endringar og utfordringar og det må ein ta omsyn til i arbeidet.

Start smått er ein faktor KS har sett har vore viktig for å få til gode endringar i arbeidet. Øystre Slidre stiller med mange avdelingar i prosjektet: førebygging og meistring med to avdelingar, institusjon med to avdelingar, tilrettelagde tenester med ei avdeling. Rådet frå KS var at ikkje alle startar på likt. Det har vi teke omsyn til, og i vår vil korttidsavdelinga (Smørkoll) og tilrettelagde tenester (Brennabakken) starte. Dei andre avdelingane startar opp over sommaren.

Informasjon er viktig for at alle skal oppleve seg som inkludert og ha ei oversikt over arbeidet. I eit læringsnettverk er det også viktig at vi kan lære av kvarandre både mellom kommunar og mellom avdelingane i kommunen. Vi har oppretta eit team inne i Teams som heiter TØRN. Alle tilsette innanfor helse og omsorg i kommunen er medlemmer i teamet. Her vil tilsette kunne sjå kva andre avdelingar jobbar med og dei vil sjå informasjon frå KS.

- **Vi skal i planperioden gjennomføre alle tiltaka i oppvekstplanen og m.a. sikre tidleg innsats og styrke det tværfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.**

Kommunen har hatt sitt fyrste møte i oppvekstsektoren med leiarar for dei som jobbar med barn og unge i kommunen. I møtet starta vi opp med å vurdere status i Øystre Slidre kommune ut i frå hemmere og fremmere som er kome fram i kartlegginga i Oppvekstløftet for Valdres. Dette arbeidet vil fortsette for å vurdere hensiktsmessig samarbeid for å hjelpe barn og unge. I møtet hadde vi også ein fagdel ut i frå eit webinar med KORUS: "Å forebygge risiko under oppvekst, - hvem gjør hva?" og felles informasjon om arbeidet på tildelingskontoret. Vi kjem til å halde fram med ein møtестruktur på tvers av opplæring og kultur og helse.

Det er gjort eit arbeid med fleire av måla i oppvekstplanen i 1. tertial, men dei er ikkje slutført i perioden.

- **Vi skal busetja minst 30 flyktningar i 2024 og sikre at busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet.**

Per 1.tertial er status slik:

- Vi har i 1. tertial busett 19 flyktningar. Dei siste vekne har det vore lite etterspørsel om fordeling.
 - Av dei 19 vi har busatt i år, er det 5 vaksne som har starta på introduksjonsprogrammet. 5 andre vaksne har rett til intro, men ikkje startet opp enda.
 - Det er 33 personar som deltek i introduksjonsprogrammet per i dag. Av desse er det omlag 12 personar som anten er i deltidsjobb eller som vi venter vil få noko jobb i løpet av dei neste par-tre månadane.
 - 4 personar har avslutta intro så langt i år. Av desse er vi kjent med at to har jobb som tilkallingsvikar.
 - 17 av dei som går på intro no, er ukrainere som har fått vedtak om forlengelse etter at det fyrste vedtaket på 6 månader gjekk ut. Altså nådde ikkje disse personane sluttmålet sitt (hovudsaklig om jobb) i løpet av den ordinære programtida på 6 månader
- **Vi skal i løpet av 2024 revidere arealdelen av kommuneplanen og i den samanhengen ta i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga.**

Kommunestyret vedtok å legge forslag til ny arealdel av kommuneplanen ut på høyring den 15. februar 2024, sak 09/24. Det har kome inn 117 høyringssvar. Kommunedirektøren har gått gjennom alle høyringssvara og har byrja å vurdere desse. Det er varsla 9 motsegn til planen frå Statsforvaltaren, og ei motsegn frå Mattilsynet og ei motsegn frå Innlandet fylkeskommune. Kommunedirektøren har bedt om møte i Planforumet for Innlandet for å gå gjennom og drøfte motsegnene, med sikte på å finne løysingar på dei. Med bakgrunn i dei varsla motsegnene må vi legge til grunn at planen må høyrast ein gong til. Endeleg tidslinjer for når planen kan vedtakast må vi kome tilbake til etter 2. gongs høyring.

Vi har i planframlegget teke i bruk arealrekneskap som metode i arealforvaltninga. Erfaringane frå dette er gode, sjølv om metoden må utviklast vidare. Vi har også delteke i fleire undersøkingar og møte der vi har gitt innspel til forskingsmiljø, KS m.fl. om korleis arealrekneskap kan utviklast som metode og korleis plan- og bygningslova kan utviklast i det kommunale klima- og miljøarbeidet. Vi vil ved 2. gongs høyring i større grad nytte arealrekneskapet inn i konsekvensutgreiinga for arealplanen.

- **Vi skal i løpet av 2026 gjere ferdig friområdet Furustrand som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå.**

Friområdet på Furustad er ferdig planlagt som sentral møtestad, aktivitets- og friluftsområde for alle, uavhengig av funksjonsnivå. I 2024 vil vi gjere ferdig gangvegen frå friområdet, langs Heggefjorden til Helsetunet/torget og vi vil sette opp dagsturhytta. I tillegg vil vi prosjektere resten av utbygginga i 2024.

- **Vi skal vedta ein strategi for areala og bygningane på Løken gard og bidra til høg aktivitet ved nasjonalt senter for fjellandbruk.**

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Vi har starta arbeidet med ein arealstrategi for Løken gard, og lagt delar av den inn i utkastet til arealplan. Vi har sett i gang eit arbeid for å vurdere alternative energiløysingar for Løken gard, og ny bruk av delar av bygningsmassen. Når arbeidet med strategien er kome lengre vil vi fremma dette som eigen sak for kommunestyret. Vi har jamlege møte med dagleg leiar og styreleiar for nasjonalt senter for fjellandbruk, for å bidra til å sikre finansiering og aktivitet ved senteret på lang sikt.

- **Vi skal gjennom Klima+ motivere til klimanøytrale løysingar for utbygging og bruk av nye fritidsbustader.**

Tenkinga i Klima+ ligg som eit av hovudgrepa i forslaget til ny arealplan, jf. punkt 2.2 og 2.2.5 i planomtalen og fleire plasser i føresegnar og retningslinjer. Dette vert følgt opp i reguleringsplanar, utbyggingsavtalar og i byggesaker. Vi deltek i forskingsprogram, nettverk og møte på regionalt og nasjonalt nivå for å bidra til miljø- og klimavenleg utbygging og bruk av fritidsbustader.

- **Vi skal delta aktivt i VNK sitt arbeid Leve i Valdres, og synleggjera attraktiviteten ved å bu, leve og arbeide i Øystre Slidre.**

Vi har delteke i Innlandet Fylkeskommune sitt arbeid med bustadutvikling i distrikta og søkt Husbanken om støtte til å ta i bruk heile eller delar av gamle sjukeheimen til bustader. VNK har starta arbeidet med ny handlingsplan, der Leve i Valdres, er ein del av dette arbeidet. Vi deltek i arbeidet med handlingsplanen. Vi har ikkje hatt kapasitet til å prioritere dette arbeidet ut over det til no i år, grunna høg prioritet til arbeidet med revidering av arealplanen.

- **Vi skal invitere til Rein naturglede gjennom å:**
 - **vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå**
 - **sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper mv. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder AS.**

Krav om tilrettelegging for alle og universell utforming ligg som overordna premiss i utkast til arealplan, jf. punkt 2.2 og 2.2.6 i planomtalen og punkt 1.6 i føresegnar og retningslinjer. Arbeidet med å bli det best tilrettelagde reisemålet vil vera langsiktig.

Vi deltek i lokal arbeidsgruppe i lag med Beitostølen helseportsenter, Beitostølen utvikling og lokale verksemder under forskingsprogrammet Accesstour, der vi har laga ein arbeidsplan med tiltak for å bli det best tilrettelagde reisemålet i Norge. Beitostølen Utvikling har no fått økonomisk støtte frå Innlandet fylkeskommune i dette arbeidet, noko som vil auka kapasiteten i arbeidet.

Vi har delteke i barne-, ungdoms- og familie-direktoratet (BUFdir) sitt kartleggingsprosjekt om universell utforming, og var ein av tre kommunar som vart framheva som eksempelkommunar i formidlinga av prosjektet.

Vi har som eigar av BFG teke initiativ til ein strategiprosess for selskapet, for m.a. å sikre finansiering av fellesgoda på lang sikt og sikre langsiktige rammer for bruk av midla til fellesgodefinansiering. Vi har vidare bedt regjeringa om å peike ut Beitostølen som pilot i utprøving av ordning for besøksbidrag. Vi har også starta eit arbeid med å gå gjennom inngått utbyggingsavtalar for å sikre at dei vert følgt opp,

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

m.a. der det ligg inne krav om deltaking i fellesgodefinansiering. Vi tek sikte på at denne gjennomgangen er ferdig i løpet av 2024.


- **Vi skal i lag med idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS i løpet av 2024/2025 lage ein plan for utvikling og drift av sti- og løypenettet på Beitostølen og ein plan for Beitostølen stadion som gjev auka bruken av stadionområdet gjennom heile året.**

Vi har invitert idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS til eit møte om framtidig drift av sti- og løypenettet på Beitostølen, og det er sett ned ei arbeidsgruppe som fram mot sommaren skal kome med framlegg om korleis det kan organiserast. Kommunedirektøren vil legge fram ei eiga sak til kommunestyret om det når saka er ferdig utgreidd.

Organisasjon

Sjukefråvær

Kommunen hadde første tertial eit sjukefråver på 11,9 %. Dette er om lag same nivå som det har vore dei siste tre åra (ein oppgang på 0,3 prosentpoeng frå 2023):



Tala er nærare omtala i tertialrapporten under "10-på-topp"-

Investeringar

Per april er det regnskapsført ein liten brøkdel av det som er budsjettert for året. Tala i tabellen viser opprinneleg budsjett og regulert budsjett inkl. rebudsjettering etter årsregnskapet 2023, som er føresett vedteken i kommunestyremøtet i juni.

Så langt ser det ut til at dei fleste budsjetterte prosjekta skal gå etter planen, om ikkje anna er kommentert i tabellen "Status investeringsprosjekt" og/eller ved forslag om budsjettendringar nedanfor.

Kommunedirektøren foreslår følgjande budsjettendringar 2024 for investeringar:

KS-37/24 om overføring av eigarskap av brannstasjonar frå Valdres brann- og redningsteneste IKS til eigarkommuner i selskapet

Kommunestyret bad kommunedirektøren om å innarbeide dei økonomiske konsekvensane av punkt 1 og 2 i denne saka som budsjettendring ved 1. tertialrapport for 2024 i ØSK. Saka inneber at kommunen overtek dei to brannstasjonane i Øystre Slidre med verknad frå 1.1.2024. Kostpris er kr 7.753` (bokført verdi i VBR fråtrekt motteke mva-kompensasjon) + dokumentavgift kr 194`, totalt kr 7.950`. Det vert lagt til grunn finansiering med bruk av lån.

I VBR sin investeringsplan har det vore lagt til grunn investering i Beitostølen brannstasjon med kr 500` i 2024, 7.500` i 2025 og 8.000` i 2026. Det går fram av økonomiplanen til VBR for 2024 at det er behov for nybygg og renovering av eksisterande brannstasjon på Beitostølen. Bygget har manglar knytt til forsvarleg arbeidsmiljø som reine soner og ventilasjon, og for lite areal til kjøretøy og utstyr. Det blir planlagt for utviding og renovering av eksisterande bygg. Tomta er marginal og det vil vera behov for å bygge nær nabogrenser og fylkesveg som behøver avklaringer med fylkeskommunen m.fl. Prosjektet er budsjettert med ca. 2,3 mill. i tillegg til utrekningane frå Norconsult (september 2022). Årsak er forventa behov for auka areal som i hovudsak gjeld tilrettelegging for dag- og/eller delkasertering (soverom), røykdykker- og feierverkstad som ikkje vart med i opprinneleg grunnlag.

I 2024 har VBR budsjettert for prosjektering mv. Kommunedirektøren vurderer at teknisk drift ikkje vil ha kapasitet til å starte dette prosjektet i inneverande år, og tilrår å vente til økonomiplanen 2025 med å innarbeide investeringane.

Driftsutgiftene som kommunen har hatt, dvs. overføringsutgifter til VBR, blir flytta frå overføring til VBR til finanskostnader (renter og avdrag) og drift/vedlikehald av stasjonane, og med fråtrekk for leigeinntekter, jf. saksdokumenta med vedlegg. Kommunedirektøren har fullmakt til å flytte budsjettet 2024 mellom dei ulike driftskonti. I 2024 vil kommunen måtte rekne med auka utgift på ca. kr 154` i forhold til fordelingsnøkkelen som har vore gjeldande i selskapet, men dette vil for ØSK snu i 2025 (då er det motsett med kr 170`) og vidare. Den auka nettokostnaden kan bli finansiert av bruk av disposisjonsfondet.

Kommunedirektøren tilrår budsjettendringar i 2024 investering og drift som nærare spesifisert i vedlegg 1 i denne tertialrapporten.

Flyktningetenesta - auka ramme til bil

Flyktningetenesta har meldt at det er behov for å auke budsjetttramma for den bilen som var planlagt kjøpt hausten 2023, men som har vore utsett. Tenesta ser fortsatt behov for bil i tenesta, til transport av flyktningar til barnehage, legebepøk, fritidsaktivitetar mv. Nærare bestemt ein 9-seter førerkort B. Etter ei realitetsorientering i marknaden har tenesta vurdert at det vil koste ein del meir å få ein tilfredsstillande bil. Kommunedirektøren foreslår å auke budsjetttramma med 350` i 2024, frå 150` til 500`. Ein bil vil vera spara inn i løpet av to-tre år. Kommunedirektøren tilrår at auken i investeringsramma vert finansiert av overføring frå drift med 350`, ved innsparte kostnader og auka bruk av flyktningefondet.

Kantslåttmaskin

Det er kjøpt inn kantslåttmaskin, grunna behov og for at kommunen kan gjera jobben med eige mannskap. Dette vil medføre litt lågare årlege utgifter som forsvarer kjøpet i løpet av 4-5 år. Investeringa var ikkje tidlegare innarbeida i budsjettet, og det blir framlagt som forslag til budsjettendring investering no med 369`. Finansiering ved mva-kompensasjon (73,8`) og bruk av lån (295,2`).

Forslaga til budsjettendringar 2024 er oppsummert og spesifisert i vedlegg 1 i denne tertialrapporten.

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Opph. bud. 2024	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til bud.ending år 1
Investeringar i varige driftsmidlar	11 117	121 801	121 801	130 470	-8 669	8 669
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	800	800	800	0	0
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	11 117	122 601	122 601	131 270	-8 669	8 669
Kompensasjon for meirverdiavgift	-285	-5 837	-5 837	-5 911	74	-74
Tilskot frå andre	-100	-6 244	-6 244	-6 244	0	0
Sal av varige driftmiddel	-100	-2 000	-2 000	-2 000	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	0	-105 300	-105 300	-113 545	8 245	-8 245
Sum investeringsinntekter	-485	-119 381	-119 381	-127 700	8 319	-8 319
Vidareutlån	0	5 000	5 000	5 000	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	0	-5 000	-5 000	-5 000	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	115	200	200	200	0	0
Mottatte avdrag på vidareutlån	-28	-200	-200	-200	0	0
Netto utgifter vidareutlån	87	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	-3 220	-3 220	-3 570	350	-350
Avsettingar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	0	-3 220	-3 220	-3 570	350	-350
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	10 719	0	0	0	0	0

Status investeringsprosjekt

Andre investeringer

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Opprinneleg budsjett	Ikkje vedtekne bud.endr.	Årsbud. inkl. ikkje vedtekne bud.endr.	Regnskap hiå	Budsjett for året		Økonomistatus	Kommentar	Sum forslag til bud.endr.
						Årsprognose	Avvik årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)			
Andeler i KLP	Iht. plan	800	0	800	0	800	0	Ihht plan	Egenkapitalinnskot i KLP (årleg).	0
Furustrand ute inkl. gangveg Furustrand Heggenes	Forsinket	1 284	-543	741	506	741	0	Ihht plan	Turveg og gatelys er etablert, bygging av dagsturhytte sommaren 2024, prosjektet fortset 2025. Motteke tilsegn bl.a. frå Sparebankstiftelsen på tot 2 mill.kr., og ein del av tilskota kan inntektsførast i 2024.	0
Infrastruktur med UBA, e-skattemiddel (hovedprosj. til fordeling)	Iht. plan	0	0	0	251	0	0	Ihht plan	Bli fordelt og finansiert av UBA-middel mv.på slutten av året.	0
Kjøp bustad Bygdinvn.2175 (27/42)	Iht. plan	2 250	0	2 250	0	2 250	0	Ihht plan	Budsjettert oppgradering og ombygging i 2024. Prosjektering har starta, anbod og byggestart i løpet av haust 2024.	0
Kommunal veg - utstyr og transportmiddel	Ferdig	0	0	0	369	369	-369	Merforbruk	Kjøpt kantslåtmaskin grunna behov og for å kunne gjera jobben med eige mannskap. Vi sparer driftsutgifter årleg som forsvarer kjøpet. Bør budsjettregulerast.	369
Kommunale bygg - betre nettverk kommunehuset	Iht. plan	800	0	800	0	800	0	Ihht plan	Oppdraget er bestilt gjennom IKT Valdres, Valdres teledata har starta	0

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Budsjett for året							Økonomistatus	Kommentar	Sum forslag til bud.endr.
	Status framdrift	Opprinneleg budsjett	Ikkje vedtekne bud.endr.	Årsbud. inkl. ikkje vedtekne bud.endr.	Regnskap hiå	Årsprognose	Årsprognose(inkl. ikkje vedtatte bud.endr.)			
Kommunale bygg - Bygdinvn.2108 (27/66) oppgrad.og ny tilkomst	Iht. plan	750	0	750	0	750	0	Iht plan	kartlegging av behovet, arbeid er venta utført i 2024.	0
Kommunale bygg - Heranglie bustader	Iht. plan	14 000	-124	13 876	2	13 876	0	Iht plan		0
Kommunale bygg - Lydisolering kulturskulerom	Forsinket	0	114	114	93	114	0	Iht plan	Gjenstår rømningsveg herunder elektrisk, etter at resten vart ferdigstilt i 2022. Ev. også møbler venteareal (jf. info per 2022). Måling venteareal blir teke i drift.	0
Kommunale bygg - Moavegen 43 nytt tak og male	Iht. plan	1 800	0	1 800	13	1 800	0	Iht plan	Jobben har vore ute på anbod, arbeidet blir gjennomført i 2024.	0
Kommunale bygg - nye energiløysingar kommunehuset /ØSUS	Forsinket	6 500	314	6 814	0	6 814	0	Iht plan	Det er ikkje klart for bygging enda. Kommunen har inngått intensjonsavtale med Øystre Slidre biovarme. Det er sendt søknad til Innovasjon norge om støtte til bygging. Kostnadsfordelingen medllom kommunen og Øystre Slidre biovarme er ikkje avklart. I tillegg kjem ombygging på bygga som skal bli tilkopla (Tingvang, Klima+-huset, ØSUS).	0
Kommunale bygg - nytt helsehus	Iht. plan	400	43	443	0	443	0	Iht plan	Prosjektet fortset 2024.	0
Kommunale bygg mv. (generaløk.) (hovedprosj.nr.)	Iht. plan	0	0	0	1	7 950	-7 950	Merforbruk	Eige sak om at kommunen kjøper tilbake brannstasjonane frå VBR IKS i 2024.	7 950

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Budsjett for året							Økonomistatus	Kommentar	Sum forslag til bud.endr.
	Status framdrift	Opprinneleg budsjett	Ikkje vedtekne bud.endr.	Årsbud. inkl. ikkje vedtekne bud.endr.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)			
Kommunale områder for bustad og næring	Forsinket	7 900	-1 126	6 774	6	6 774	0	Ihht plan		0
Kommunale vegar - Volbu bru	Iht. plan	100	-50	50	0	50	0	Iht plan	Ferdig med unntak av jordskiftesak i 2024.	0
Nærmiljøanlegg Klyppemyrhaugen	Iht. plan	1 000	-22	978	0	978	0	Iht plan	Entreprenør er kontrahert, bygging føregår i 2024. Det er søkt om spelemiddel, som blir fornya i 2024 (maks tilskot kr 300').	0
Overtak./oppgrad.Finntøppvn.og gang sykkelveg Beitestølvegen Tjednbakkvegen	Forsinket	13 000	1 120	14 120	235	14 120	0	Merforbruk	Grunnerverv og anbod er ikkje heilt ferdig. Oppstart ute blir tidlegast haust 2024, prosjektet fortset 2025. Ein må pårekna å måtte auke budsjettramma etter kvart, for å kunne dekke det som det er behov for i dette prosjektet.	0
Tenestebilar	Forsinket	0	150	150	1	500	-350	Merforbruk	Flyktningetenesta ser fortsatt behov for bil, 9-seter førerkort B, til transport av flyktingar til barnehage, legebeseøk, fritidsaktivitetar mv. Prognosene tilseier eit fortsatt stort omfang flyktingar. Innkjøpet er forsinka. Ein må pårekna høgare pris enn det som vart lagt til grunn i 2023, for å få ein grei kvalitet.	350
Trillesti Rupetjedn	Forsinket	0	585	585	25	585	0	Iht plan	Bærelag på deler av stigen, grusing, fiskebrygge, sitjegruppe, bom, skilting. Iht.tidlegare plan. Fått tilbod. Forsinka, blir	0

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Budsjett for året							Økonomistatus	Kommentar	Sum forslag til bud.endr.
	Status framdrift	Opprinneleg budsjett	Ikkje vedtekne bud.endr.	Årsbud. inkl. ikkje vedtekne bud.endr.	Regnskap hiå	Årsprognose	Årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)			
									gjennomført sommar/haust 2024.	
Uteområde ØSUS - Gapahuken	Iht. plan	70	0	70	2	70	0	Ihht plan		0
VVA Heranglie	Iht. plan	1 580	6 200	7 780	72	7 780	0	Merforbruk	Ferdig desember 2023, men slutfakturering for mengderegulering i 2024. Prosjektet har hatt kostnadsprekk, som følge av meir masseuttak og lange skråningar og skjæringar i bratt terreng pga. lausmasser. Vi legg opp til endeleg prosjekt-avslutning med budsjettauke ved 2. tertialet.	0
Sum		52 234	6 661	58 895	1 575	67 564	-8 669			8 669

Selvkost

Beløp i 1000

Investering	Status framdrift	Budsjett for året					Avvik årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)	Økonomistatus	Kommentar	Sum forslag til bud.endr.
		Opprinneleg budsjett	Ikkje vedtekne bud.endr.	Årsbud. inkl. ikkje vedtekne bud.endr.	Regnskap hiå	Årsprognose				
VA hytteområda - Gravfjellet	Forsinket	4 800	184	4 984	0	4 984	0	Ihht plan	Forsinka. Prosjektet har søkt tilskotsmidlar for å vurdere muligheit for å redusere CO2 utslepp under bygging.	0
VA hytteområda - Luskeråsen	Forsinket	500	47	547	0	547	0	Ihht plan		0
VA i bygda - Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad	Iht. plan	2 000	0	2 000	1	2 000	0	Ihht plan	Prosjektering og avklaringar i 2024.	0
VA i bygda - Kolleberg	Forsinket	5 500	-94	5 406	2 120	5 406	0	Ihht plan	Anbod har vore ute, oppstart i 2023, gjennomføring 2024 (planlagt ferdig til sommaren).	0
VA i bygda - Nordtorp Hegge stavkyrkje	Forsinket	8 700	1 243	9 943	3 873	9 943	0	Merforbruk	Anlegget sluttførast sommaren 2024. I 2024 må vi rekne med å auke budsjettløyving 2024 pga. høg prisstigning /auka prognose for prosjektet.	0
VA i bygda - Storefoss Nedrefoss	Iht. plan	0	200	200	65	200	0	Ihht plan	Gjenstår asfaltering o.l.	0
VA Mellsenn vassverk (Kollstad)	Iht. plan	867	-311	556	399	556	0	Merforbruk	Søknad om konsesjon for uttak av drikkevatt er sendt til NVE for behandling, forprosjekt gjennomført. Må pårekne at budsjettet må aukast etterkvart, for å dekke dei løysingane som det er behov for.	0
VA mindre anlegg årleg	Forsinket	5 000	0	5 000	0	5 000	0	Ihht plan		0
VA Nordtorp høgdebasseng	Iht. plan	10 000	-580	9 420	-157	9 420	0	Ihht plan	Anbod blir utarbeida i 2024.	0
VA Nye Nedrefoss RA	Forsinket	20 000	1 168	21 168	113	21 168	0	Merforbruk	Forprosjekt er ferdig, ØSK ventar svar fra statsforvalteren på søknad om utsleppsløyve	0

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Investering	Status framdrift	Budsjett for året						Økonomistatus	Kommentar	Sum forslag til bud.endr.
		Opprinneleg budsjett	Ikkje vedtekne bud.endr.	Årsbud. inkl. vedtekne bud.endr.	Regnskap hiå	Årsprognose	Avvik årsprognose(inkl. ikke vedtatte bud.endr.)			
VA oppgradering Ole vassverk	Forsinket	10 000	2 269	12 269	866	12 269	0	Ihht plan	i løpet av sommer 2024. Totalprognosen har auka vesentleg etter prosjektering prognose. Planlagt montering summer 2024 ca. 1,5 mill.kr + arbeid, elektriker mv.	0
VA transportmiddel	Iht. plan	1 000	27	1 027	0	1 027	0	Ihht plan		0
VVA Heranglie	Iht. plan	2 000	-16 131	-14 131	2 263	-14 131	0	Merforbruk	Ferdig desember 2023, men slutfakturering for mengderegulering i 2024. Prosjektet har hatt kostnadsprekk, som følge av meir masseuttak og lange skråningar og skjæringar i bratt terreng pga. lausmasser. Vi legg opp til endeleg prosjekt-avslutning med budsjettauke ved 2. tertial.	0
Sum		70 367	-11 979	58 388	9 542	58 388	0			0

Økonomirapportering drift

Økonomien til kommunen er på dei aller fleste områda i tråd med budsjettet for året.

Rekneskapet er ikkje periodisert, så at det no viser meirforbruk gjev ikkje eit representativt bilde av korleis året vil gå - dei fleste avvika er grunna ulik periodisering gjennom året i budsjett og rekneskap, m.a. er det budsjettert med ein rekke bruk og avsetning til fond som ikkje blir ført før ved årets slutt.

Vi ser enkelte område som gjev økonomiske utfordringar, og nokon auka inntekter og moglege innsparingar. Enkelte større kjente avvik er vist som avvik i prognose i forhold til vedteken budsjetttramme, og enkelte også som forslag til budsjettendring. Budsjettendringar som er foreslått er oppsummert i vedlegg 1 til denne tertialrapporten. Erfaringsmessig kan det også bli nokon innsparingar og meirinntekter som vi ikkje ser før året er omme. Vi har foreløpig tru på at årsresultatet samla sett kan ende omtrent i balanse.

Kommunedirektør felles:

Prognosen for året er saldert her med uspesifisert innsparing på 2.400`. Ut frå erfaring tidlegare år kan det dreie seg om meirinntekter i form av øyremarka tilskot/bruk av bundne fond, eller reduserte lønnskostnader som følgje av vakansar og sjukefråvær i tenester der det ikkje er mogleg å skaffe vikar.

Under kommunedirektør felles har vi også prognosert inn effekten av lønnsoppgjøret for kommunen som heilheit. Lønnsoppgjøret ser ut til å ende med ein årslønnsvekst på om lag 5,2 % (mot 4,9 % i budsjettet). Isolert sett utgjer dette eit meirforbruk på om lag 700` kr på årsbasis. Her må ein ta atterhald om at oppgjøret ikkje har vore til urryøsting. Prognosen er auka med 700` for året.

Netto viser prognosen under kommunedirektør felles ei netto innsparing på 1.700`.

Rogne skule:

Det er meirforbruk på løn per 1. tertial er 440', på vikarar og spesial-pedagogiske tiltak der behovet har overstige budsjett. Situasjonen er betra, slik at det er sannsynleg at meirforbruket ikkje vil auke utover året.

Det er meirforbruk på innleige frå firmaet Familehjelp på 986` per april. Kostnadsoverslaget knytt til innleige av konsulentar, som var med i 1. tertialrapport 2023, var for lågt. Det er budsjettert med 570' til innleige av konsulentar i 2024. Det er grunn til å rekne med at beløpet vil bli om lag 2 280', eit negativt budsjettavvik på 1.710'. Til fråtrekk kjem unytta stillingsbudsjett på ca. 455`.

Samla prognosert meirforbruk på Rogne skule er ca. 1.700`.

Rogne barnehage:

Det er kome eit nytt spesial-pedagogisk behov som vil vare ut 2024. Her vil det kunne bli eit meirforbruk på løn. Behov for tilrettleggingsutstyr for tilsette for å ivareta helse og førebygge sjukefråvær vil også kunne bli ekstra utgifter i løpet av 2024.

Beito barnehage:

Det er varsla større spesial-pedagogisk behov frå hausten og som medfører høgare lønsutgifter. I tillegg har det vore 3 fleire barn etter påske, noko som utløyste behov for fleire tilsette, og som det ikkje var budsjettet for. Desse forholda kan medføre behov for budsjettendringar i løpet av året.

Private barnehagar:

Det er meirforbruk på 118`, då refusjonskravet til Heggebø friluftsbarnhage er høgare på grunn av eit spesial-pedagogisk tiltak. Dette varer til og med 14.august -24.

Flyktingetenesta:

Det er lagt til grunn kjøp av bil i 2024 jf. kapittelet om investeringar. Ein bil vil medføre innsparingar på driftspostar i flyktingetenesta i 2024 og åra framover, som vil tene inn att bilen i løpet av 2-3 år. Vi har lagt inn som prognose- og budsjettendringar ein netto reduksjon i driftskostnader i 2024 på 150`, og auka bruk av integreringstilskott / flyktingefondet med 200`.

Felles helse og omsorg:

Vi har fått signal om at interkommunalt barnevern kan gje mindreforbruk i 2024. Prognosen er redusert med 1.700` som eit grovt skjønn.

Helse og tilrettelagde tenester:

Det er grunna brukarbehov (vedtak i januar 2024) etablert barneavlastning i februar 2024 under tilrettelagde tenester. Bemanning er som følgje av dette auka med 2,49 årsverk i turnus + vakttillegg. Dette er ikkje budsjettet frå tidlegare og medfører meirforbruk, endra prognose og tilråding om budsjettendring 2024 for lønnskostnader på 2.260`. Tidsperspektivet er foreløpig ut året, for ny evaluering.

Førebygging og meistring og Institusjonstenester:

Desse tenesteområda har stort mindreforbruk på lønn, ca. 2.500` per april, i hovudsak grunna vakansar. Dette mindreforbruket vil kunne bli enda større på årsbasis, om vakansane held seg på om lag same nivå utover i året. Ein stor del av mindreforbruket på lønnsbudsjettet vil måtte brukast til å finansiere innleie av vikarar frå vikarbyrå. Mangel på kvalifisert personell fører til at kommunen har måtte ta i bruk vikarar frå vikarbyrå, noko som ikkje har vore budsjettet. Kjøp av tenester frå vikarbyrå blir ikkje rekna som ein del av lønnsbudsjettet. Per april er det brukt ca. 1.300` på vikarbyrå innan institusjon, førebygging og meistring. I fjor enda desse områda med samla netto meirforbruk på 1.532`. Vi har auka prognosen for meirforbruk på lønn/vikarbyrå med 900` for året 2024 (450` på kvar av tenestene). Det er tidleg på året, og prognosane er difor svært usikre.

Teknisk drift:

Gitt at kommunen kjøper tilbake brannstasjonane frå Valdres brann- og redningsteneste i 2024, jf. eigen sak sjå under kapittelet om investeringar, vil teknisk drift i 2024 få auka leigeinntekter kr 221`, reduserte overføringar til VBR IKS med 473`, og auka drifts- og vedlikehaldsutgifter på ca. 455`, ein netto reduksjon i utgifter på 239`. Dette er lagt inn som prognose- og budsjett-endringsforslag.

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Etter kjøp av kantslått-maskin, jf. investeringsregnskapet, vil driftsutgiftene for innkjøpte tenester gå ned med ca. 96` årleg. Ein må pårekna auka utgifter til drivstoff og vedlikehald og kapitalkostnader, vi har lagt til grunn ca. 35`. Eige mannskap har vi. Netto har vi prognosert og foreslått budsjettdrøring på 61` i reduserte driftskostnader.

Næring plan og byggjesak:

Det er mindreforbruk på lønn på 580` som følgje av vakansar i stillingar. Dette vil truleg halde seg ut året, og prognosen er nedjustert med 600`.

Pensjon mv. felles:

Siste prognose frå KLP (per april -24) viser ein auke i pensjonskostnader (meirforbruk) på om lag 1.400` på årsbasis i høve til budsjettet, og prognosen er auka med dette beløpet.

Rammetilskot

Kommunen får truleg auka rammetilskot til skulebøker med ca. 165` i 2024, dersom RNB blir vedteke av Stortinget i juni. Dette vil i utgangspunktet bli fordelt likt mellom skulane.

Netto finansutgifter:

Renter og avdrag er foreslått auka med 216` og 177` i prognose og budsjett-endringsforslag, i samband med tilbakekjøp av brannstasjonane frå Valdres brann- og redningsteneste, jf. eigen sak og kommentarar under investeringsregnskapet.

Finansinntekter er 826` høgare enn budsjettet, pga. høgare gjennomsnittleg inneståande på bank som følgje av litt etterslep på investeringsutgifter. Truleg opprettheld og fortsatt aukar vi meirinntektene utover året. Vi har auka prognosen og budsjett-endringsforslag med 2.353`, som vil finansiere øvrige budsjett-endringsforslag.

Netto prognose-ndring på finans er etter dette ei betring med 1.960`.

Overføring frå drift til investering:

Bilkjøpet til flyktingetenesta er foreslått finansiert med auka overføring frå drift til investering kr 350`.

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Status drift for tenesteområda (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev. Årsprognose bud. 2024	Avvik prognose i kr	Forslag til budsjettjustering
Politisk leing og kontrollorgan	1 058	3 175	3 175	0
Kommunedirektør felles	1 148	9 631	7 931	1 700
Stab	7 735	18 813	18 813	0
Felles opplæring og kultur	1 680	7 932	7 932	0
ØSUS	5 161	13 884	13 884	0
Rogne skule	7 814	16 997	18 697	-1 700
Lidar skule	6 569	15 363	15 363	0
IIB Tingvang barnehage	0	0	0	0
Rogne barnehage	4 662	13 833	13 833	0
Beito barnehage	2 861	7 562	7 562	0
Private barnehagar	1 851	5 200	5 200	0
Kulturavdelinga	3 461	9 697	9 697	0
Flyktningtenesta	-4 939	0	-350	350
Felles helse og omsorg	6 967	23 912	22 212	1 700
Helse og tilrettelagde tenester	13 503	36 119	38 379	-2 260
Førebygging og meistring	12 557	36 850	37 300	-450
Institusjonstenester	11 874	32 881	33 331	-450
IIB Tilrettelagte tenester	0	0	0	0
Felles tekniske tenester	5	114	114	0
Teknisk drift	18 045	37 839	37 539	300
Næring plan og byggesak	4 640	12 656	12 056	600
Kraftforvaltning	-10 429	-7 822	-7 822	0
Ramme og skatt	0	0	0	0
Pensjon mv. felles	427	-8 879	-7 479	-1 400
Sum løyvingar drift, netto	96 650	285 756	287 366	-1 610
Av dette:				
Netto renteutgifter og -inntekter	-5	-55	-55	0
Avsetninger til bundne driftsfond	13	-34	-34	0
Bruk av bundne driftsfond	-52	-913	-913	0
Avsetninger til disposisjonsfond	0	4 156	4 156	-200
Bruk av disposisjonsfond	0	14 991	14 991	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	96 695	267 611	269 221	-1 610

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Status drift for kommunen (1A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Rev.bud. 2024	Årsprognose	Avvik prognose i kr	Forslag til budsjettjustering
Rammetilskot	-53 370	-134 894	-134 894	0	0
Inntekt- og formuesskatt	-34 839	-124 098	-124 098	0	0
Eigedomsskatt	-7 956	-32 340	-32 340	0	0
Andre generelle driftsinntekter	0	-8 386	-8 386	0	0
Sum generelle driftsinntekter	-96 165	-299 718	-299 718	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	96 695	267 611	269 221	-1 610	1 810
Avskrivningar	0	30 000	30 000	0	0
Sum netto driftsutgifter	96 695	297 611	299 221	-1 610	1 810
Brutto driftsresultat	530	-2 107	-497	-1 610	1 810
Renteinntekter	-2 305	-4 420	-6 773	2 353	-2 353
Utbytte	0	-3 605	-3 605	0	0
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	0	0	0	0	0
Renteutgifter	9 452	26 250	26 466	-216	216
Avdrag på lån	6 633	22 000	22 177	-177	177
Netto finansutgifter	13 780	40 225	38 265	1 960	-1 960
Motpost avskrivningar	0	-30 000	-30 000	0	0
Netto driftsresultat	14 310	8 118	7 768	350	-150
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	0	3 220	3 570	-350	350
Avsetningar til bundne driftsfond	13	5 240	5 240	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-52	-5 413	-5 413	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	0	2 356	2 356	0	-200
Bruk av disposisjonsfond	0	-13 521	-13 521	0	0
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-39	-8 118	-7 768	-350	150
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	14 271	0	0	0	0

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

Finansplasseringar:

Per 1.tertial 2024 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot Kr 161.413` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Kommunen har hatt rentesats tilsvarande nibor 3 mnd + 0,25% poeng. Det vurderer vi er ei tilfredsstillande rente, med tanke på at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 53.495`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til rekneskapet 2023. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20.000`. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale frå 2022. Rentesats er basert på Norges Banks 10-års statsobligasjonsrente, med tillegg av rentebyteavtale mot 10-års Nibor og eit risikopåslag 3,4 %-poeng. Rente ut frå dette var siste året 6,515%, og aukar til 7,24% frå 1.april 2024.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi (1.500` i 2023, 1.274` i 2022). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS (3.801` i 2023, 1.480` i 2022). Det vart i 2020 fastsett minimumsutbytte som blir KPI-regulert, og det vart planlagt noko auke i utbytte framover. I 2023 fekk kommunen ekstraordinært høgt utbytte som følgje av høge prisar og overskudd i kraftbransjen i 2022. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, og utbyttet i 2023 utgjer 14% avkastning (mot 5,4% året før).

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av 1. tertial 2024 ei lånegjeld på kr 497.847` (499.596` per 31.12.2023). Det er ikkje teke opp nye lån så langt i 2024. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Vi viser til note 8 i regnskapet for 2023 og årsrapporten. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Av samla lån utgjer lånegjelda for sjølvkost ca. 217.301`. Netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), totalt 280.5546`, ligg litt under handlingsregelen til kommunen (45,0% av sum driftsinntekter mot mål på 50%).

Kommunen har auka avdragsplikter framover, og er også eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta. Rentenivået har auka siste par åra.

Kraftforvaltninga

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 gWh blir seld på kraftbørsen. Kraftrettane inneheld konsesjonskraft på 22 gWh, andelskraft på 28 gWh og eigenproduksjon i Skoltefoss 2-3 gWh.

Etter uværet «Hans» i august 2023 vart kommunens kraftverk Skoltefoss sterkt skada og stoppa opp, har ikkje kome i gang att, og det vil ut frå tilstandsrapport ta eit par år å få det istandsett. Det medfører tapt kraftmengde, 2-3 gWh i året.

Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen var ute på konkurranse for 2023 og 2024.

Kommunen må betale kostpris for krafta vi mottek. Prisen for ein mindre del av konsesjonskrafta blir fastsett sentralt, medan resten av konsesjonskrafta og andelskrafta blir betalt ut frå sjølvkostutrekning frå kraftprodusent. Sjølvkostsprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året og vedlikehald i det aktuelle kraftverket.

Kraftforvaltning - reglement

Kraftforvaltning skal følgje reglementet for kraftforvaltning, sist vedteke i kommunestyret i juni-22 (KS-34/22). Dette tilseier at kommunen i hovudsak skal selja kraftmengden vår i spotmarknaden (utan prissikring/fastprisavtaler). Dvs. å følgje marknaden fullt ut, noko som vil kunne medføre svært store svingningar i resultat frå kraftsalet frå år til år. Vurderinga er at dette samla skal gje kommunen betre resultat over tid. Men det kan enkelte år gje minimale overskot, til og med underskot på kraftsalet. For å redusere den økonomiske risikoen til kommunen, vart det vedteke at kommunen skal bygge opp eit kraftfond, og kun nytte ein fast sum av kraftsalet i drifta kvart år (frå og med 2023). Reglementet skulle tre i kraft frå og med 1.1.2023, og tilpasning til nytt reglement skulle skje gradvis frå vedtakspunktet.

Dei fastpris/prissikrings-avtalene som allereie var inngått før juni-22 for kraftmengde leveransar 2024 er i all hovudsak gjeldande – det har vore få gode marknadsmoglegheiter for å løyse ut desse i løpet av året som gjekk. Det inneber at 17,6 gWh i 2024 er prissikra frå tidlegare, til prisar mellom 30 og 40 øre /kWh.

Gjennomsnittleg spotpris i marknaden har vore synkande i 1. tertial, frå snitt på 91,8 øre/kWh i januar 2024, til 60,2 øre i april. Snittet for 1.tertial er på 71,68 øre. Dette er lågare enn i fjor (116,26), men fortsatt høgare enn historiske snitt.

Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta med 7,8 mill.kr (inkl.refusjon jf.avtale). Det er dette beløpet som blir netto inntektsført i drifta i 2023, om det faktiske resultatet endar minst på det nivået, jf. kraftforvaltningsreglementet, evt.overskytande blir sett på fond. `

Vurdering i forhold til kommunen sitt finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglement:

Likviditet. Delmål: *Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.*

Arbeidskapitalen (omløpsmiddel fråtrekt kortsiktig gjeld) utgjer 128.888` per 1. tertial. Av dette utgjer ubrukte lånemiddel 61.339`. Midla står på bankkonto, og skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2023 men blir gjennomført i 2024. Akumulert premieavvik inngår også i arbeidskapitalen, men dette er ikkje reelle likvide midlar. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering minus premieavvik) er ca. 25.572` (50.343` per 2023). Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande, kommunen har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

Finansiell risiko. Delmål: *Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskot.

Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

Avkastning på overskotslikviditet. Delmål: *Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.*

Kommunen vurderer å ha konkurransedyktige gode vilkår i bank. Rentene har vore høgare enn på lenge, etter renteauke siste par år, noko som medfører høgare renteinntekter på likvide midlar.

Avkastning langsiktige aktiva. Delmål: *Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Det har ikkje vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Vi har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta, og vi har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med dei langsiktige finansielle aktiva.

Lågast mogleg totalkostnad for lån. Delmål: *Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Kommunen har ikkje gjort nytt låneopptak i året. Tidlegare låneopptak er gjort etter konkurranse i marknaden. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Det har vore høgare rentesats gjennom 2024 enn dei siste åra, men ei rentebelastning kommunen har kunna tole.

Kraftinntekter. Delmål: *Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.*

Kraftforvaltningsreglementet vart endra i juni 2022 med verknad frå 1.1.2023.

1. tertial rapport 2024 - Øystre Slidre kommune

Reglement før juni 2022	Reglement etter juni 2022
<ul style="list-style-type: none">• Kraftrettane skal seljast på det opne markedet på gunstigast moglege tidspunkt med mål å gje kommunen høgast moglege inntekter.• For å sikre føreseielege inntekter frå år til år, kan og bør kommunen nytte prissikring av mellom 50% og 100% av kraftmengda.• Trading (kjøp og sal utan underliggjande fysisk kraftmengde) skal samla ikkje overstige 10% av kraftmengda.• Val av forvaltar bør ta omsyn til tidlegare oppnådde resultat for kraftforvaltning, og om dei kan tilby ein sikra minstepris, i tillegg til konkurransedyktige honorar.	<ul style="list-style-type: none">• Andelskrafta skal seljast i spotmarknaden utan prissikring.• Øvrige kraftrettar skal seljast i spotmarknaden utan prissikring. Ev. kan fastprisavtalar nyttast, om rådmannen og forvaltar ser det tenleg.• Overskot frå kraftsal (etter skatt) skal avsetjast til eit eige kraftfond i kommuneregnskapet, fram til fondet utgjær 53 mill.kr.• Kommunen skal årleg inntektsføre i driftsbudsjett og driftsregnskap kr 7 mill. frå kraftfondet, dersom kraftfondet har dekning for denne summen.• Beløpa for årleg inntektsføring og målet for fondet skal indeksregulerast 1.7. kvart år med KPI for siste år per 30.6.• Val av forvaltar bør ta omsyn til referansar når det gjeld kompetanse innan kraftforvaltning og tilhøyrande regelverk og transparens i oppgjær.

Kommunen skulle/kunne tilpasse seg praksis gradvis frå vedtakstidspunktet: «*Tilpassing til nytt reglement skal skje gradvis frå vedtakstidspunktet. Prissikringsavtaler som er gjort før nytt reglement trer i kraft skal vidareførast så lenge kraftforvaltar og rådmannen meiner det er den økonomisk beste løysinga for kommunen.*»

Kommunedirektøren vurderer at kraftforvaltninga har vore i tråd med vedtaka som er gjort for kraftforvaltning.

Ikkje avvik i høve krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans-, gjelds- og kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Vedlegg

Vedlegg 1 Forslag til budsjettendringer ved 1. tertial 2024

Budsjettendringer er foreslått i investering 2024 som følger:

Forslag budsjettendringer	Kommentar	Prosjekt	2024
Investeringer i varige driftsmidler	bil flyktningetenesta - auka bud	30001	350 000
Investeringer i varige driftsmidler	brannstasjonar frå VBR	34061	7 950 000
Investeringer i varige driftsmidler	kantklyppemaskin	34302	369 000
Kompensasjon for merverdiavgift	kantklyppemaskin	39999	- 73 800
Bruk av lån	finansiering kantslått maskin	39999	- 295 200
Bruk av lån	finansiering brannstasjonar	39999	- 7 950 000
Overføring fra drift	auka pris bil flyktn t-24	39999	- 350 000
Sum			-

Budsjettendringer er foreslått i drift 2024 som følger:

Forslag budsjettendringer	Ansvarsnr.	2 024
Auka avdrag - brannstasjonar	91000	177 000
Auka rentekostnader -brannstasjonar	91000	216 000
Auka utgifter - drift og vedlikehald - brannstasjonar	42020	455 000
Auka leigeinntekter (brannstasjonar)	42050	- 221 000
Redusert overføring til VBR IKS (brannstasjonar)	42092	- 473 000
Auka lønn og sosiale kostnader til barneavlastning	31070	2 260 000
Redusert kjøp tenester kantslått	42040	- 96 000
Auka drift og vedlikehald kantslåttemaskin	42040	35 000
Auka renteinntekter		- 2 353 000
Reduksjon kostnader flyktningetenesta	28000	- 150 000
Auka bruk av flyktningefond (til bil)	28000	- 200 000
Overføring frå drift til investering (bil flyktningetenesta)	95000	350 000
Sum		-
(inntekter og ev.reduuerte kostnader er vist med - fortegn)		